

TRYGGLEIK FOR MORGONDAGEN, TRU PÅ FRAMTIDA

Arbeidarpartiet vil skape eit samfunn med små forskjellar og store moglegheiter for alle, uavhengig av kvar ein kjem frå og kvar ein vil i livet. Det oppnår vi best gjennom eit sterkt fellesskap. Ved å gjere vår plikt før vi krev vår rett, og ved å skape verdier og dele dei rettferdig, gjer vi fellesskapet sterkare.

2020-åra er eit tidsskifte i Noreg og verda. Etter mange år med fred og framgang har dei siste åra vore prega av utryggleik med krig i Europa, meir kriminalitet, økonomisk uro og ei veksande klima- og naturkrise. Samstundes står vi overfor store omstillingar med knappheit på arbeidskraft, viktige omsorgsoppgåver overfor ei aldrande befolkning, overgang til fornybare energikjelder og utvikling av ny teknologi.

Arbeidarpartiets viktigaste oppgåve er å leie Noreg trygt i urolige tider, og sørge for at vi kjem gjennom omstillingar på ein måte som tek vare på noko av det som gjer Noreg til Noreg: det sterke fellesskapet, dei små forskjellane og den høge tilliten.

Vår samfunnsmodell er tufta på nokre grunnleggjande sosialdemokratiske verdier: fridom, likskap og solidaritet. Ho har vist seg godt rusta til å handtere kriser og omstillingar. Under koronapandemien var vi avhengige av eit sterkt offentleg helsevesen, eit godt organisert arbeidsliv og ein velferdsstat med musklar til å stille opp. I tider som er økonomisk krevjande, byggjer vi ut velferda og tek politiske grep for at forskjellane mellom folk ikkje skal auke. I ein ny tryggleikspolitisk situasjon byggjer vi eit meir tidsriktig forsvar og intensiverer kampen mot kriminalitet. Framover er vi spesielt avhengige av å få fleire i arbeid, gjenreise bustadpolitikken, utnytte moglegheitene som teknologien gjev oss og auke det internasjonale samarbeidet.

Trygg økonomisk styring

Ansvarlege budsjett vil få kontroll på prisstiginga og bidra til rentenedgang. I tillegg bidreg den norske modellen, med sterke og ansvarlege partar og eit trygt og velorganisert arbeidsliv, til rettferdige løner, låg arbeidsløyse og kontroll på prisstiginga. Vi skal sikre folk og næringsliv føreseielege rammevilkår som bidreg til å få fleire ut i arbeid, at folk får betre råd, at fleire kan eige sin eigen bustad, og vi skal kjempe mot ulikskap og fattigdom. Vi garanterer for EØS-avtalen og for at Noreg skal ha eit tett samarbeid med Europa. Vi vil prioritere å styrkje velferda og auke støtta til ordningar som er viktige for at folk får betre råd, framfor store skattekutt til dei som har mest frå før.

Vi vil:

- at folk skal få betre råd gjennom trygg økonomisk styring, høg sysselsetjing, reduserte kostnader, tilgjengeleg velferd og bekjemping av forskjellar og fattigdom i Noreg
- halde dei samla skattane og avgiftene på norske privatpersonar og bedrifter på same nivå som i dag
- fastsetje eit mål om å få bygd 130 000 bustader dei neste fire åra. Dette for at fleire skal kunne eige sin eigen bustad.

- sikre at bedrifter og næringsliv har trygg og friksjonsfri tilgang til sine viktigaste marknader gjennom EØS-avtalen
- beskytte folk mot gjeldsfeller, mellom anna ved å vurdere innstramming i regelverk for marknadsføring av forbrukslån og kredittkort, urimeleg høge renter på forbrukslån og avgrensing av inntening på inkassoinnkrevjing
- føre ein føreseieleg og ansvarleg skattepolitikk for auka sysselsetjing og meir rettferdig fordeling, som tek betre omsyn til klima og natur og styrkjer velferdsstatens langsiktige berekraft
- styrkje den norske arbeidslivsmodellen

Trygt arbeid til alle

Verdiar må skapast før dei kan delast. Fordeler vi verdiane godt, skaper vi òg meir. Arbeid til alle er jobb nummer ein.

Arbeidarpartiet har mål om å få 150 000 fleire i arbeid innan 2030. Vi vil føre ein aktiv næringspolitikk med stabile rammevilkår som tryggjer arbeidsplassar, der det løner seg å satse og det løner seg å jobbe. Den norske modellen, med sterke ansvarlege partar og eit trygt og velorganisert arbeidsliv, gjev låg arbeidsløyse og rettferdig lønsdanning – små forskjellar og like moglegheiter.

Noreg er rikt på naturressursar, og Arbeidarpartiet meiner det er ein styrke at vi eig og forvaltar naturressursane våre i fellesskap. Vi skal ha politisk kontroll med energiressursane. I energipolitikken skal vi ha sterk politisk styring, offentleg eigarskap og bidra til at fellesskapet får sin rettferdige del av overskotet. Staten skal sikre føreseielege og rimelege straumpisar for folk og næringsliv. Det skal byggjast meir fornybar kraft og nett raskare, slik at rein og billeg kraft framleis skal vere eit fortrinn for norsk næringsliv.

Vi vil:

- garantere for at sjukeløna ikkje blir kutta
- hjelpe dei som står utanfor arbeidslivet òg når arbeidsløysa er låg
- auke sysselsetjingsgraden til 82 prosent innan 2030 og 83 prosent innan 2035
- vidareutvikle og styrkje ungdomsgarantien, der unge under 30 år blir sikra jobb eller utdanning
- stimulere til auka organisasjonsgrad, mellom anna ved å auke fagforeiningsfrådraget generelt, og for dei under 30 år spesielt
- vidareutvikle Noregsmodellen for alle offentlege innkjøp for å sikre eit seriøst arbeidsliv
- innføre ordninga med Noregspris for å gje straumkundar føreseieleg straumpris

Eit tryggare Noreg

Vi skal skape tryggleik for landet og tryggleik i landet i urolige tider: Noreg har ikkje vore godt nok rusta for den alvorlege tryggleikspolitiske situasjonen vi no er i. Vi skal styrkje beredskapen og alle greiner av Forsvaret. Vi skal jobbe for Noregs interesser ute og heime.

I Noreg skal vi vere tøffe mot kriminalitet, og vi skal vere tøffe mot årsakene til kriminaliteten. Vi skal kjempe mot vald og kriminalitet alle stader der det finst, ha kontroll på

grensene og sørge for at kriminalitet blir forfulgt og straffa. Politiet skal styrkjast slik at dei kan vere til stades der det trengst, og stanse nyrekrutting til kriminelle miljø.

Vi vil:

- styrkje Noregs forsvarsevne og arbeide for tettare samarbeid og betre militær mobilitet mellom dei nordiske landa
- auke kapasiteten i norsk og europeisk forsvarsindustri betydeleg
- utvikle politiets lokale forankring, auke grunnbemanninga og styrkje viktige fagmiljø for kriminalitetsbekjemping i heile landet
- auke politiets midlar til å bekjempe organisert kriminalitet på alle nivå
- saman med relevante fagmiljø utvikle nye verktøy for å handtere dei yngste lovbrutarane, som tek vare på både omsynet til barnet sitt beste og på å gjere samfunnet vårt tryggare
- etablere eit program etter modell av det danske prosjektet «Aktive drenge», der ein har personar som 24 timar i døgnet følgjer opp dei mest sårbare ungdomane
- sikre at alle kommunar har oppsøkande førebyggjande- og avdekkande tenester retta mot barn og unge
- vidareutvikle opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar

Ein sterkare velferdsstat

Vår felles velferd skal sikre alle menneske moglegheiter og tryggleik, uavhengig av kvar dei bur og kva føresetnader dei har.

Vi skal skape ei skole der elevane lykkast. Utviklinga med svake skolerresultat og redusert trivsel skal snus. Vi skal gjenreise disiplin i skolen og få tilbake ro i klasseromma. Det skal bli meir læring, meir praktisk opplæring og meir meistring. Vi skal styrkje laget rundt elevane og sørge for at fleire fullfører utdanninga. Vi vil redusere skjermbruken i skolen og sikre elevane fleire fysiske skulebøker.

Ventetidene i helsetenesta skal ned. Når du blir sjuk eller opplever helseplager, skal du få riktig hjelp til rett tid. Vi skal sørge for at fleire får fastlege, at sjukehusa har sterke fagmiljø og høg kvalitet og sikre at eldre som treng det, får omsorg og pleie. I Noreg skal du ikkje trenge å kjøpe private helse- og omsorgstenester for å få det beste tilbodet når du treng det.

Helse og eldre:

Vi skal ha ei helseteneste i verdsklasse. Når du blir sjuk eller opplever helseplager, er det viktigaste at du får riktig hjelp til rett tid. Helsetenesta skal vere styrt og finansiert av fellesskapet.

For mange opplever at hjelpa kjem stykkevis og delt, der verken kommune eller sjukehus klarer å gi heilskaplege tenester. Pasientar og pårørande skal få hjelp når dei treng det frå vår felles helseteneste. Vi set mennesket framfor systemet og vil bygge éi felles helseteneste med god kvalitet og korte ventetider.

Vi vil:

- sikre korte ventetider og høg kvalitet i vår felles helseteneste
- fortsetje utbygginga av lågterskeltilbod på psykisk helse-feltet i kommunane, og på sikt lovfeste tilbodet
- ha som mål å sikre universell tannhelsehjelp for alle og trinnvis utvide det offentlege ansvaret for tannhelsetenester
- gjennomføre eit kvalitetsløft i norsk eldreomsorg for å sikre alle ein trygg alderdom og velferdstenester av høg kvalitet
- styrkje eldres moglegheiter til aktivt å bidra i samfunnet

Skole og utdanning

Arbeidarpartiet er eit kunnskapsparti. Vårt mål er ei skole der alle barn opplever tilhørighet, meistring og læring. Lik rett til utdanning er ei føresetnad for eit samfunn med like moglegheiter for alle. Vi meiner at ei praktisk og variert skulekvardag aukar læring og kunnskap for alle elevar. For å lukkast trengs ein kraftfull satsing på å tilpasse skulebygg, skulegårdar og utstyr til meir praktisk læring i alle fag.

I dag vel rundt halvparten av elevane studieforbereande, og den andre halvparten yrkesfag. Arbeidarpartiet vil at alle utdanningsprogram skal ha høg kvalitet, og vere oppdatert i tråd med arbeidslivets og akademias behov. Fag- og timefordelinga bør gjennomgåast og oppdaterast for å gjere det meir attraktivt og relevant for elevane, og gjere dei betre fagleg forberedt enn i dag.

Høgare utdanning gir fridom, innsikt og kvalifiserer for arbeid. For Arbeidarpartiet er lik rett til utdanning eit grunnleggjande mål. Utdanning skal vere eit offentleg ansvar, og tilgjengeleg for alle. Vi vil hegne om den akademiske fridomen og kunnskapens eigenverdi.

Vi vil:

- styrkje laget rundt elevane med ressursar og fagfolk for betre å kunne løyse sosiale utfordringar og sikre meir tid til læring og elevoppfølging
- sikre fysiske skulebøker, satse på skulebiblioteka og avgrense skjermbruk som er utan pedagogisk røynsle
- jobbe for eit meir heilskapleg tilbod til det enkelte barn, der skule og SFO vert sett tydelegare i samanheng. Heil dag skule skal vere gratis.
- satse på ei framtidsretta vidaregåande opplæring med høg fagleg relevans som førewener på arbeidsliv og vidare utdanning
- løfte studiekvaliteten gjennom betre rettleiing og oppfølging, meir praksis, betre digitale løysingar og ha som mål å auke timane studentane bruker på studiar

No klimamåla våre og lukkast i omstilling til eit klimavennleg samfunn.

Vi skal nå klimamåla våre med å utvikle eksisterande arbeidsplassar og skape nye, trygge jobbar. Arbeidarpartiet vil ta ansvar for å gjere samfunnet og økonomien berekraftig på veg mot lågutsleppssamfunnet.

Klima- og naturpolitikken skal sikre høg omstillingsevne for næringslivet og vere rettferdig. Staten skal spele på lag med næringslivet og bidra til industribygging, meir utbygging av

fornybar kraft og nye teknologiske løysingar. Alle må få moglegheit til å ta klimavennlege val, uavhengig av økonomi og kvar i landet du bur.

Vi vil:

- levere på Noregs klimaforpliktingar i Parisavtalen og vidareføre klimasamarbeidet med EU
- kutte utslepp i heile økonomien, for å sikre norsk konkurransekraft
- sørge for auka omstilling og rettferdig klimapolitikk, mellom anna ved å utvikle gode ordningar for tilbakeføring av klimaavgiftene
- etablere eit overordna nasjonalt mål for norsk naturpolitikk om å vere arealnøytrale innan 2040
- i godt samarbeid med lokaldemokratiet sikre at vi vernar og beskyttar minst 30 prosent av naturen på land, i ferskvatn og i havet i Noreg
- redusere klimagassutsleppa frå transportsektoren
- redusere moms på reparasjon og sal av brukte varer